



## VELKOMEN TIL RUTEBILHISTORISK TREFF FAGERNES 13. – 16. MAI

Rekordpåmelding og eit forventa  
**kjempestemme!**

Set av dagane og kom for å ta ein bussprat  
og for å betrakte kjøretøya ved  
Skysstasjonen.

Arr: Rutebilhistorisk Forening  
og lokalt treffstyre  
[www.rhf.no](http://www.rhf.no)

Trefftelefon: 99 55 18 50

## 96 rutebilar !

Dette er det 22. treffet som blir arrangert, og det er rekordpåmelding! (Førre rekord låg på 88.) Det er eit landstreff, og det kjem bussar frå heile sørre del av landet, så langt nord som frå Trøndelag. Fagernes har tydeleg fordel av å ligge svært sentralt. Utstillinga er på området rundt Skysstasjonen. Sekretariatet blir ute på plassen, eit lite samlingspunkt med kaffe-telt der pensjonistgruppa i JVB serverar vaflar, og der Paviljongen blir plassert mtp opning fredag og oppstart av kortesje laurdag.



### RUTEBILHISTORISK FORENING

RHF, vart stifta i 1983 og er landsomfattande. Både bedrifter og privatpersonar kan bli medlemmer. Mange av medlemmane har bakgrunn frå rutebilnæringa, men det finst òg ein stor del interesserte medlemmer utan slik tilknytning. Medlemstalet ligg i dag på ca 1555 fordelt på 11 lokalavdelingar. I Valdres er det inga lokalavdeling, men ei gjeng entusiastar som har teke oppgåva med å danne ramme for treffet i samarbeid med styret for RHF.

Foreningas formål er å fremme interesse og forståing for rutebilen som teknisk kulturminne og kva betydning rutebildrifta har hatt for samfunnet i Norge. Foreninga skal samle dokument o.a. av rutebilhistorisk verdi, samt stimulere rutebilselskap og andre til å ta vare på gammalt rutebilmateriell. Gjennom medlemsblad og småskrifter vil medlemmene i foreninga formidle kunnskapen sin til andre. Foreninga skal dessutan halde kontakt med liknande organisasjonar i inn- og utland. Inga anna Europeisk land kan skilte med årlege treff, og Norge haustar respekt hjå kollegaer i utlandet for nivået på arbeidet med denne delen av kulturarven.

Ta kontakt pr. [www.rhf.no](http://www.rhf.no) for fleire opplysningar.

## Program:

### Torsdag 13. mai:

Innfartsdag, oppstilling og klargjering av utstillinga.

### Fredag 14. mai:

kl. 11.00 **Offisiell opning** av treffet med fanfarer,  
Regionrådsleiar Gro Lundby,  
RHF-leiar Bjørn Andersen,  
Lokalt treffstyre v/ Kjell Steinsæter

kl. 12 – 15 **Utflykter** til Sør-Aurdal, Etnedal og Slidrebygdene  
opne for alle interesserte. Påmelding på stemnekontoret.

kl. 17 og 18 har RHF Landsmøte sitt og møte i Historisk Forum.

kl. 19.00 **Grillfest** på Spikarmoen. Påmelding på stemnekontoret.

kl. 20 – 24 **Treffkafe** på Briskeby cafe.  
”Stubbadn”, Arne og Arild Nygård spelar svingande  
god dansemusikk.

### Laurdag 15. mai

kl. 10.00 **Utstillingsplassen** opnar

kl. 12.00 **KORTESJEKJØRING**, rundt Strandefjorden  
Ope for å ta med publikum.

kl. 17.00 **Omvisning på JVB sitt anlegg** på Spikarmoen

kl. 19.00 **Festmiddag** med premieutdeling. Offisiell avslutning.

Kl. 20 – 24 **Treffkafe** på Briskeby cafe. 50-talspreg og gramafon

### Sundag 16. mai

Avreisedag



Det er i tillegg godt tilrettelagt  
for andre opplevingar på Fagernes.

Opne kafear og restaurantar, friluftsmuseum,  
galleri, turvegar langs Strandefjorden og opp til  
Kviteberg og det er eit rikt handelsliv i byen.

VI ANBEFALAR FLG.

- FOR MIDDAGSSERVERING, KAFÈ OG KIOSK:

- Fagernes Gjestegård, ved innkjøringa frå sør
- Neskroa, midt i byen (Gjensidigegården, v/Statoil)
- Skysskroa, ved Skysstasjonen
- Lunch-baren, i Fagernes Kjøpesenter
- Fagernes Gatekjøkken, ved Skysstasjonen
- Coop-kiosk, midt i byen
- Mix Gotteriet, kiosk ved Skysstasjonen
- Briskeby Cafè, TREFF-KAFEEN i Gullsmedvegen.  
m/musikk og 50-60-talspreg for høvet.

- BESØK GJERNE

- Galleri Perrongen, gamle Fagernes jernbanestasjon
- Galleri Hilsen, Garlivegen, 100 m frå bussutstillinga
- Galleriet i Briskeby café
- Gategalleriet i Gullsmedvegen
- Valdres Folkemuseum, friluftsmuseet

FOR FLEIRE OPPLYSNINGAR.  
VELKOMNE INNOM SEKRETARIATET  
PÅ UTSTILLINGSPLASSEN  
Opningstider kl. 08.00 – 19.00